

Saksbehandlar: Øystein Hunvik, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/8289-33

Klage på rutetilbod for dei fastbuande i Alden

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1 Rutetilbodet mellom Alden og Værlandet frå 20. juni 2016 er i samsvar med det fylkeskommunale minstetilbodet med båt. Klagen vert difor ikkje teken til følgje.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

Klagen frå Jofrid Alden og Geir Alden
Fylkestingsak 11/10

Andre dokument som ikkje ligg ved:

HS sak 17/15
HS sak 38/15

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Jofrid Alden og Geir Alden har i brev datert 05.01.2016 klaga på vedtaket i punkt 5 i HS-sak 38/15. Dei meiner det vil bli ein uhaldbar situasjon når rutetilbodet mellom Alden og Værlandet blir redusert frå to tur/retur pr. veke til ein tur/retur pr. veke.

Historikk - tidlegare vedtak

Fylkestinget vedtok i sak 11/10 at fylkeskommunen skal tilby likt rutetilbod med båt uavhengig av bustadkommune. Det fylkeskommunale minstetilbodet med båt vert definert ut frå samla tal fastbuande langs kvar båtrute, slik dette går fram av tabell i saksførelegget.

For ruter med 1 – 5 fastbuande vart det bestemt at rutetilbodet skal vere 1 tur/retur pr. veke.

I samband med innsparingane som fylkeskommunen skal gjennomføre fram mot 2019 er det gjennomført fleire store utgreingar for å synleggjere korleis desse innsparingane kan gjennomførast. I HS sak 17/15 laga HS ei prioriteringsliste med tre ulike nivå der dei primært vil innfri innsparingskravet gjennom tiltak på nivå 1.

Eit av tiltaka på nivå 1 i prioriteringane til HS er: *Redusere rutetilbodet til minimumsnivået definert i fylkestingsak 11/10 på stader med svært få fastbuande. Redusere/ta vekk rutetilbod slik at det er tilpassa tal innbyggjarar langs ruta og reiseaktivitet.*

Vedtaket i punkt 5 i sak 38/15 er ei tilpassing av rutetilbodet mellom Alden og Værlandet slik at det er i tråd med vedtaket i fylkestingsak 11/10.

Askvoll kommune fikk informasjon om vedtaket mindre enn ei veke etter at saka var oppe til handsaming i HS.

Sentrale problemstillingar

Sogn og Fjordane fylkeskommune får redusert overføringane frå staten og må tilpasse kostnadsnivået i forhold til det. Samferdsle skal innan 2019 ha redusert dei årlege kostnadane med om lag 55 millionar kroner.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Reduksjon av rutetilbodet mellom Alden og Værlandet vil gi ein reduksjon i kostnadane på om lag 260.000 kroner pr. år.

3. Konklusjon

Vedtaket i punkt 5 i sak 38/15 er ei tilpassing av ruteproduksjonen slik at den er i samsvar med det vedtekte minstetilbodet i fylkestingsak 11/10.

Fylkesdirektøren ser ikkje at det er gjort noko feil i saka og tilrår difor å avvise klagen.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)